

Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Nynorskversjon

Vedtekne av styret i Språkrådet 1. mars 2015.

Reviderte av styret i Språkrådet 9. desember 2021 og 15. mai 2025.

Innhold

Innleiing	4
1. Kva er ei norm?	4
2. Kvifor normera?	5
3. Språkpolitisk grunnlag for normering	6
4. Fagleg grunnlag for normering	8
4.1 Eksplisitte vedtak	8
4.2 Implisitte vedtak	8
4.3 Ordlaging i norsk	8
4.4 Språkbruk	9
5. Språkspørsmål og normering	9
5.1 Normativ avgjerd eller råd	9
5.2 Kva nivå skal ei normeringssak handsamast på?	10
5.3 Allmenn høyring av framlegg til rettskrivingsendringar	10
6. Særskilt om bokmål	11
6.1 Bakgrunn	11
6.2 Prinsipp for normeringa av bokmål	12
6.2.1 Sjølvstendep prinsippet	12
6.2.2 Stabilitetsprinsippet	12
6.2.3 Bruksprinsippet	12
6.2.4 Stramleiksprinsippet	13
6.2.5 Enkelheitsprinsippet	13
6.2.6 Tradisjonsprinsippet	13
6.2.7 Ordtilfangsprinsippet	13
7. Særskilt om nynorsk	13
7.1 Bakgrunn	13
7.2 Prinsipp for normeringa av nynorsk	14
7.2.1 Sjølvstendep prinsippet	14
7.2.2 Stabilitetsprinsippet	14
7.2.3 Bruksprinsippet	14
7.2.4 Stramleiksprinsippet	15
7.2.5 Enkelheitsprinsippet	15
7.2.6 Talemålsprinsippet	15
7.2.7 Tradisjonsprinsippet	15
7.2.8 Ordtilfangsprinsippet	16
8. Særskilt om normeringsomsyn ved fastsetjing av terminologi	16

8.1 Normering og grenseflata mot terminologi	16
8.2 Normert form for termar	16
8.3 Samarbeid med termfaglege miljø	16
9. Særskilt om normeringsomsyn for namn	17
9.1 Kva rolle har Språkrådet i normering av namneformer?	17
9.2 Namn som Språkrådet normerer etter vanleg prosedyre	17
10. Retningslinjer for normering av importord	17
10.1 Definisjonar og behov	18
10.2 Vurderingsgrunnlag	18
10.3 Nærare om norvagisering	18
10.4 Prinsipp for norvagisering	18
10.5 Namnebaserte importord og fagtermar	19
10.6 Nordiske omsyn	19
10.7 Tilpassing til både skriftspråk	19
10.8 Ny vurdering av norvagiseringssaker	19
11. Særskilt om rådgjeving som gjeld uttale	19
12. Særskilt om skrivereglar	19
13. Prosess og vedtak	20
13.1 Prinsipp og mal for saksførebuing	20
13.2 Metode for handsaming av normeringssaker	20
13.3 Allmenn høyring	21
13.4 Vedtak og kunngjering	21
Vedlegg 1: Mal for sakshandsaming av normeringsspørsmål	22
Vedlegg 2: Prinsipp for norvagisering	23

Innleiing

Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk er eit arbeidsfelt for Språkrådet. Språkrådet kan vedta skrivemåte og bøyning av nye ord, og det kan vedta endringar i skrivemåte og bøyning av ord som har offisiell form frå før. Det kallar ein òg å normera, dvs. fastsetja som norm, som gjeldande rettskriving. Retningslinjene i dette notatet viser kva omsyn Språkrådet tek i arbeidet med normering.

1. Kva er ei norm?

Ulike typar normer styrer kva vi *skal* gjera, kva vi *kan* gjera og kva vi *ikkje* kan gjera – og språklege normer styrer korleis vi snakkar og skriv. Både talemål og skriftspråk kviler på ei mengd normer for kva for ei form ord og setningar kan ha, og kva dei kan tyda. Når Språkrådet arbeider med normering, er det berre snakk om å fastsetja normer for skriftspråket.

Når menneske har noko sams språkleg, kan vi snakka om *språkfelleskap* eller *språksamfunn*. Desse kan vera lokale, eller dei kan vera meir omfattande, som det norske språksamfunnet. I båe tilfelle er det dei språklege normene som held språksamfunna saman. Utan eit sett med normer som i det minste blir oppfatta som relevante for dei fleste av medlemmene i eit språksamfunn, finst ikkje språksamfunnet. Likevel er det ikkje slik at alle følgjer dei same normene, eller at dei regulerer alt som blir produsert av tale og skrift. Normene kan dessutan regulera korleis vi vurderer ulike språklege uttrykk og varietetar, og kva status vi reknar dei for å ha.

Det er vanleg å skilja mellom *internaliserte* og *fastsette* språknormer. Dei internaliserte normene er implisitte og styrer språkbruken vår utan at vi er medvitne om det. Vi omtalar dei gjerne som *språkkjensle*. Når små born tileignar seg det grunnleggjande ordtilfanget og grammatikken i førstespråket eller førstespråka sine, internaliserer dei dei viktigaste normene som gjeld for dette språket eller desse språka. Dette er borna i stand til utan instruksjon, men ved å høyra språket i bruk og bli snakka til.

Internaliserte normer er ingen fast storleik, men varierer med mange sosiale og kontekstuelle faktorar. Dessutan er dei i konstant endring, og dette kan vera ein kime til konflikt mellom ulike varietetar og mellom gamle og nye former.

Dei fastsette normene er eksplisitte og gjeld i norsk samanheng framfor alt skriftspråk. Desse normene blir formelt fastlagde i grammatikkar, lærebøker, ordbøker og ordlister av organ som har kompetanse i normeringsspørsmål og nyt autoritet som normkjelde. Språkbrukaren lærer seg typisk dei fastsette normene gjennom formell undervisning eller anna opplæring. Målet er at dei fastsette normene skal styra den skriftlege språkbruken og eventuelt sjølv bli internaliserte normer for det skriftspråket språkbrukarane praktiserer. Eit vilkår for at ei fastsett norm skal kunna fungera som ei norm og ikkje berre eit påbod, er at den fastsette norma ikkje må bryta grunnleggjande med den internaliserte språknorma hos språkbrukarane.

2. Kvifor normera?

Historisk sett er skriftspråk alltid sekundære jamført med talemål. Opphavet til eit skriftspråk er skriftfesting av eit eksisterande talemål eller ein medviten konstruksjon basert på eit utval av eksisterande talemål. Dette tyder likevel ikkje at det er rimeleg å sjå på utvikla skriftspråk som heilt sekundære i høve til talemål i samtida.

Skriftspråk skil seg frå talemål på fleire vis. Skriftspråk er aldri førstespråket til nokon, i motsetnad til talemålet. Traderinga av eit skriftspråk til nye generasjonar føreset kulturinstitusjonar – strukturert opplæring, skular, medium, forlag – som traderinga av eit talemål ikkje treng. Samstundes har eit utvikla skriftspråk det sams med eit talemål at det kviler på eit system av implisitte normer for kva som er godtakande og ikkje godtakande. Såleis er eit skriftspråk òg eit eige, sjølvstendig språk som må lærast; det er ikkje berre eit transkripsjonssystem for tale. Det språksamfunnet som desse skriftspråksnormene er forankra i, har likevel ein eigen struktur jamført med samfunnet rundt eit talemål; eit skriftspråkssamfunn består av folk som les og skriv, ofte med stor sosial og geografisk spreiding. Skriftspråket har ei historisk djupn som talemålet saknar, av di tekstar blir lesne lenge etter at forfattarane er borte. Den historiske djupna til eit utvikla skriftspråk gjev det dessutan eit akkumulert ordtilfang og eit stilregister som tydeleg gjer det til eit meir omfattande objekt enn noko eit einskilt menneske til vanleg kan meistra. Såleis er eit skriftspråk eit sams kunnskapsobjekt som den einskilde har meir eller mindre partiell kunnskap om.

Om skriftspråket skal formidlast vidare som ein nyansert og uttrykksfull berar av det kollektive minnet i samfunnet, trengst ressursar som dokumenterande ordbøker og grammatikkar og systematisk arbeid med fastsette normer for grammatikk og rettskriving. Her kjem normeringa inn, som først og fremst gjeld skrivemåte og bøyning, i mindre grad syntaks og ordtilfang, og endå mindre ordtydingar. Skrivemåte og bøyning kan sjåast på som relativt overflatiske sider av språket, men samstundes er det særleg skrivemåte og bøyning som gjev skriftspråket ein direkte identitet og gjer at ein kjenner det att som det same språket frå tekst til tekst. Dette er igjen ein føresetnad for at skriftspråket lett skal kunna lærast.

Dei moderne norske skriftspråka er nokså strengt normerte. Hovudgrunnlaget for normeringa som Språkrådet står for i dag, er skriftspråka våre slik dei faktisk ser ut og utviklar seg i tekst.¹ Dette reduserer likevel ikkje normeringa til ein enkel objektiv observasjon. Det er framleis rom for val mellom alternative språkpolitiske syn, til dømes på avgrensinga av kva tekstar ein skal sjå på som dei mest sentrale som normeringsgrunnlag, og på avveginga mellom tradisjon og tidsdjupn på den eine sida og nærleik til talemåla i dag på den andre.

¹ Historisk har dette ikkje alltid vore tilfelle, jf. del 6.1 og 7.1 om normering av høvesvis bokmål og nynorsk.

I det mangfaldet av tekstar som dagleg blir produserte og publiserte i eit språksamfunn, vil ein ikkje rekna alle bidrag for å ha like stor vekt. I nyare tid har normering av skriftspråket vore gjort på grunnlag av tekstar utgjevne av mediehus og forlag, hovudsakleg trykte bøker, aviser og tidsskrift. I vår digitale tidsalder er det naturleg at det òg blir lagt vekt på nyare digitale sjangrar. Dette føreset at tekstane har ein viss permanens og ikkje er del av ein flyktig digital straum av kommentarar og innlegg i sosiale medium, og at ein kan gå ut frå at tekstane har vore gjennom ei viss redigering og kvalitetssikring. Døme på sjangrar som kjem inn under eit slikt utvida bruksgrunnlag, kan vera digitale nyheiter, bloggar med fagleg innhald, rapportar som blir publiserte på nett osb.

Dei færraste tekstar blir i dag produserte utan påverknad frå elektroniske språkverktøy. Det kan vera stavekontrollar, grammatikkontrollar, autokorrektur, verktøy for maskinomsetjing og anna. Bruken av slike verktøy fører til at tekstane er meir einsarta i formvalet enn om skribentane fritt fekk velja blant dei formene som normene tillèt. Når ein granskar bruksdata i samband med utgreiing av normeringssaker, må ein ta høgd for innverknadene frå elektroniske verktøy på same måte som for dei husnormene vi veit mange utgjevarar praktiserer. Då er det viktig at ein analyserer bruken i fleire ulike korpus som inneheld eit breitt spenn av teksttypar, òg korpus med større innslag av uredigert tekst.

3. Språkpolitisk grunnlag for normering

Det språkpolitiske utgangspunktet er lov om språk (språklova), som vart vedteken i 2021, og proposisjonen Prop. 108L (2019–2020) (nedanfor kalla *språkløvsproposisjonen*), som følgde med lova. Eit anna viktig grunnlag er økonomi- og verksemdsinstruksen for Språkrådet², særleg punkt 1.1.1 og 1.2.2. Språklova § 19 første ledd seier dette:

§ 19 Språkrådet

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk.

I språkløvsproposisjonen står dette under pkt. 4.2.1:

Forvaltninga av rettskrivinga for bokmål og nynorsk er, og har historisk vore, eit offentleg ansvar. Språkrådet forvaltar rettskrivinga og gjer bindande normeringsvedtak, medan meir gjennomgripande endringar skal godkjennast av Kulturdepartementet. Sjølvstende og stabilitet er dei to hovudprinsippa for normeringa. Det vil seie at dei to norske skriftspråka skal normerast på sjølvstendig grunnlag, og rettskrivinga skal i store trekk liggje fast òg i tida framover. Det skal likevel vere rom for å gjere justeringar i rettskrivinga der faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det.

² Den fulle tittelen på dokumentet er *Kultur- og likestillingsdepartementets instruks om økonomi- og virksomhetsstyring til Språkrådet* (<https://www.regjeringen.no/contentassets/4dfba186426e474ea3ae931b27bd8d35/instruks-om-okonomi-og-virksomhetsstyring-til-sprakradet-02042025.pdf>).

Språkrådet har fullmakt til å gjera rettskrivingsvedtak, noko som òg blir slått fast i økonomi- og verksemdsinstruksen for Språkrådet. Dersom rettskrivingsvedtaka er gjennomgripande, skal dei leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning, jf. § 3:³

§ 3 Normering av bokmål og nynorsk

Språkrådet kan gi råd om staving og bøying av nye og tidlegare unormerte ord og gjer bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det. Føreseigna gjeld også for transkripsjon av utanlandske namn. Språkrådet gir råd og rettleiing om tekniske skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjera kva reglar som er obligatoriske for korrekt språk.

Etter opplæringslova § 9-4 fjerde ledd skal Språkrådet godkjenna ordlister og ordbøker til skulebruk.

Dersom faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det, kan Språkrådet vedta ny stavemåte og bøying av tidlegare normerte ord og justeringar i skrivereglane. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Føresegnene i første og andre punktum gjeld tilsvarande for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. andre ledd.

Punkt 1.2.2 i økonomi- og verksemdsinstruksen gjeld fagråda som Språkrådet har oppnemnt for å sikra breiast mogleg samfunnskontakt. Det er fagrådet for normering og språkoobservasjon som skal ta seg av normeringsspørsmål, som omtalt i tredje leddet:

Ett av fagrådene skal arbeide med normering av bokmål og nynorsk. Fagrådet som behandler rettskrivingsspørsmål, skal ha seks medlemmer, halvparten for hver målform. Leder og nestleder skal tilhøre hver sin målform og alternere annethvert år. Normeringssaker som ikke er felles for målformene, skal behandles i den aktuelle halvdel av fagrådet.

Etter punkt 2.1.1 i økonomi- og verksemdsinstruksen skal styret i Språkrådet godkjenna vedtaka fagråd 3 gjer:

Styret skal godkjenne alle vedtak i normeringsspørsmål og rettskrivingssaker som Språkrådet har fullmakt til å gjøre, jf. punkt 1.1.1 over.

Den tidlegare institusjonen Norsk språkråd hadde språknormering som ei sentral oppgåve. Språkrådet, som vart oppretta i 2005, fekk normeringsfullmakter i desember 2012. Retningslinjene her følgjer i stor grad det som var praksis i Norsk språkråd.

³ Jf. òg punktet «4.2 Normeringsendringar» i høyringsnotatet med utkast til reglar om fullmakter og behandlingsprosedyre i rettskrivingssaker frå juli 2012 (https://www.regjeringen.no/contentassets/d2a3b85f35ba47d6a9d395ec6cc64091/hoeyringsnotat_utkast_til_reglar_om_fullmakter_og_behandlingsprosedyre_i_rettsskrivingssaker.pdf).

4. Fagleg grunnlag for normering

4.1 Eksplisitte vedtak

Eksplisitte normeringsvedtak er dels uttrykte i tilfang som er eksplisitt normert gjennom vedtak, dels i tilfang som er godkjent av Språkrådet og av forgjengarane (Norsk språknemnd og Norsk språkråd), og i dei utgreiingane som ligg attom gjeldande rettskriving.⁴

Det eksplisitt normerte ordtilfanget i norsk finst i

- Norsk ordbank, som standardordbøkene Bokmålsordboka og Nynorskordboka hentar informasjon om skrivemåtar og bøyning frå
- tidlegare rettskrivingsvedtak og avgjerder som ikkje strir mot den seinaste normeringa
- ordlister og ordbøker til skulebruk som Språkrådet har godkjent⁵
- normative publikasjonar frå Språkrådet⁶

Informasjon om eldre normeringsvedtak er i mange tilfelle vanskeleg tilgjengeleg. Det er eit mål for Språkrådet å systematisera informasjonen og gjera han enklare å finna for Språkrådets tilsette, fagrådet og ålmenta.

4.2 Implisitte vedtak

Frå 1952 og fram til 2000 hadde Språkrådet i oppgåve å godkjenna språket i læremiddel. Dette oppdraget innebar eit omfattande arbeid innanfor rettskriving, ordlaging og terminologiutvikling som stort sett ikkje vart bokført som normeringsvedtak. Dette korpuset av godkjend tekst må også reknast med i normeringsgrunnlaget for norsk, for implikasjonen av at ei lærebok i denne perioden kom på trykk, var at språket og dermed ordformer og rettskrivingsval var godkjende av Norsk språknemnd og Norsk språkråd.

4.3 Ordlaging i norsk

Ordlagingssystemet i norsk, med samansetningar og avleiingar, gjer at nyordsproduksjonen går uavbroten heile tida. Dette er uproblematisk så lenge skrivemåte og bøyning for kvar orddel er i samsvar med det eksplisitt normerte ordtilfanget. Det å laga og skriftfesta samansette og avleidde ord høyrer med til den generelle språklege kompetansen i norsk skriftkultur. Berre ein svært liten del av denne tilveksten blir eksplisitt normert. Språkrådet normerer nyord når språkutviklinga tilseier det.

⁴ Her er det tenkt på alle førebuande arbeid, frå prenta utgreiingar, som *Ny rettskriving for 2000-talet* (2011), til upubliserte utgreiingar og sakspapir i arkivet til Språkrådet med institusjonelle forgjengarar.

⁵ Ordlistar og ordbøker til skulebruk kan innehalda ord og uttrykk som ikkje er registrerte i ordbanken.

⁶ T.d. bøkene *Nyord i norsk*, termlister og termordbøker, lister over geografiske namn osv.

4.4 Språkbruk

Den største endringa i arbeidet med normering av rettskrivinga er at det i dag er mykje enklare å undersøkje språkbruk enn det var for nokre tiår sidan. Innanfor dei siste tiåra er det bygd opp svært store søkbare tekstkorpus over norsk skriftmål, og etter måten store elektroniske talemålssamlingar. Dette skaper ein ny arbeidssituasjon for alt normeringsarbeid.

Det sentrale ordtilfanget er høgfrekvent og blir nytta som normeringsmal for mindre frekvent ordtilfang. Ein bør ha i mente at dei aller fleste ordformer har låg frekvens i skriftmålet. Såleis er det t.d. ikkje vanleg at ein finn alle moglege bøyingsformer av eit samansett substantiv i eit korpus, same kor stort det korpuset er.

5. Språkspørsmål og normering

Språkrådet får fleire tusen språkspørsmål i året, og mange av desse dreier seg om normering. Oftast er det tilstrekkeleg å svara ved å gje korrekt og fullstendig informasjon om korleis norma faktisk ser ut. Slike saker kjem dermed ikkje til fagrådet for normering og språkbobservasjon.

Ein del spørsmål kjem også inn på e-post til Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Språkrådet svarer på dei fleste av desse spørsmåla, når det trengst i samråd med ordbokredaksjonen.

Ordlistar og ordbøker til bruk i skulen skal leggjast fram til godkjenning, og i samband med det kan det koma spørsmål til fagrådet. Det hender også at andre institusjonar, t.d. NRK, legg fram verksemdsinterne retningslinjer for ordval og språkføring og ber om merknader frå Språkrådet til dette før det blir teke i bruk.

5.1 Normativ avgjerd eller råd

Spørsmål som krev normativ avgjerd, er uavklara spørsmål innanfor ortografi (allmennordtilfang og namn), bøyning og ordlaging. Dette kan handsamast på alle nivå (fonologi, bøyning, ordlaging, ortografi, einskildord eller grupper). Tvilsspørsmål og større spørsmål blir førebudde som saker for fagrådet, anna tilfang kjem som orienteringssaker til fagrådet.

Om andre språklege emne (ordval, uttale, terminologi, tyding, syntaks, stil osv.) gjev Språkrådet tilrådingar i samsvar med det tilfanget som ligg føre. Hovuddelen av rådgjevinga går ut på å gjera greie for faktisk bruk og syna alternativ.

For handsaming av importord er det også utarbeidd særskilde retningslinjer, sjå kapittel 10.

Ei side ved normeringsarbeidet som svært mange er opptekne av, er skrivereglar som ikkje direkte gjeld rettskriving (som t.d. datoformat). Også desse sakene kjem til Språkrådet for normativ avgjerd.

5.2 Kva nivå skal ei normeringssak handsamast på?

Det er eit prinsipp at normeringssaker skal handsamast på så lågt nivå som mogleg i Språkrådets organisasjon. Formell sakshandsaming i fagråd og styre er ressurskrevjande og bør berre gjerast i prinsippsaker og saker der det er reell tvil om kva konklusjonen bør bli. Saker der konklusjonen kan utleiast av fastsette prinsipp og fagleg kompetent tolking av eksisterande normkjelder og bruksmønster, bør i utgangspunktet ikkje leggjast fram for fagrådet og styret. Samstundes må fagrådet haldast orientert om saker av dette slaget og ha høve til å ta dei opp til handsaming dersom det vurderer at det trengst.

Normeringssaker blir handsama på eit av desse fire nivåa:

1) Informasjon om norma

I dei fleste tilfella er den eksisterande norma såpass klar at Språkrådet kan gje eit klart svar ved å syna til kjelder for eksplisitt eller implisitt normering, t.d. standardordbøkene Bokmålsordboka og Nynorskordboka, eksisterande normeringsvedtak eller artiklar på Språkrådets nettsider.

2) Operativ normering

I somme tilfelle gjev ikkje normkjeldene eit så klart svar som ein kunne ønskja seg, men det lèt seg likevel gjera å resonnera seg fram til svaret ut frå normeringsprinsippa, parallelle tilfelle og logikken i språksystemet. I slike tilfelle blir saka handsama i avdelinga for språkrøkt og språkrådgjeving. Konklusjonane blir etter ein rutine lagde fram for fagrådet, og fagrådet har høve til å ta sakene opp til handsaming dersom det finn grunn til det.

3) Eksplisitt normering i einskildsaker

Saker der det er behov for ei prinsipiell vurdering, blir drøfta i fagrådet på bakgrunn av saksførelegg utarbeidd i avdelinga for språkrøkt og språkrådgjeving. Fagrådet kan gjera vedtak om å tilrå endring av norma, og endeleg vedtak om eventuell endring blir fatta av styret etter at framlegget har vore til allmenn høyring. Saker av dette slaget er slike der den gjeldande norma ikkje gjev noko klart svar. Sakene bør helst gjelda grupper av ord.

4) Eksplisitt normering – gjennomgripande endring eller systemendring

Normeringssaker som blir vurderte som gjennomgripande – dvs. at dei får konsekvensar for ei stor mengd ord i språket – skal leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning. Rettskrivingsreformer fell sjølvstøtt i denne kategorien, men også mindre systemendringar som t.d. gjeld ei stor undergruppe av substantiv eller verb, kan hamna på bordet hos departementet. Språkrådet må halda regelbunden dialog med departementet om kva normeringssaker som høyrer til på dette nivået.

5.3 Allmenn høyring av framlegg til rettskrivingsendringar

Språklovproposisjonen slår dette fast til slutt i pkt. 16.1.4:

Departementet legg til grunn at normeringskompetansen til Språkrådet i framtida skal vere om lag som i dag. Departementet vil likevel understreke at Språkrådet

framover bør sende forslaga til rettskrivingsendringar på allmenn høyring, i tråd med prinsippa i utgreiingsinstruksen punkt 3-3.

Punkt 3-3 i [utgreiingsinstruksen](#) seier at «[o]ffentlige utredninger, forslag til lov og forskrift og forslag til tiltak med vesentlige virkninger skal normalt legges ut på høring».

Rettskrivingsendringar må seiast å ha vesentlege verknader for ålmenta, og framlegg til rettskrivingsendringar blir sende ut på høyring etter vedtak i fagrådet.

6. Særskilt om bokmål

6.1 Bakgrunn

Skriftspråket bokmål byggjer på fornorskinga av det danske skriftspråket som vi hadde i landet fram til byrjinga av 1900-talet, gjennom rettskrivingsreformer i 1907, 1917, 1938, 1959, 1981 og 2005. I 1907 og 1917 bygde denne fornorskingsprosessen i stor grad på ideane til Knud Knudsen. Siktemålet var å forankra ortografien og bøyingsformene i norsk tale. Prinsippet til Knudsen var å basera reforma på ein utbreidd by-sosiolekt, «den landsgyldige dannede dagligtale», òg kalla «talt riksmål». Frå 1917 til 1981 var føremålet med rettskrivingsendring i offentlig regi å leggja til rette for etter måten rask tilnærming mellom skriftnormene riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk. Dette førte til at mange tradisjonelle skriftspråkformer med grunnlag i «dannet dagligtale» vart stengde ute frå den offisielle norma, mens nye former vart innførte som ledd i tilnærmingsplanen utan at dei allereie var i skriftleg bruk. Tanken om rask språkleg tilnærming gjennom skriftspråknormering vart reelt lagd på is frå 1981. I 2002 vedtok Stortinget samrøystes at dei to målformene deretter skulle normerast på sine egne premisser, det vil seia utan tilnærmingsføremål, men likevel slik at ein skal unngå unødvendige skilnader i ortografiske prinsipp (t.d. skrivemåte for importord). Dette var grunnlaget for reforma i 2005 og er gjeldande politikk i dag.

Eit resultat av tilnærmingsperioden er at skriftleg bokmål i dag viser større variasjon mellom alternative ordformer enn det som elles er vanleg i moderne skriftspråk. Tekstmaterialet viser ein del samvariasjon mellom dei ulike formvala, slik at vi kan snakka om operative subnormer av bokmål i form av varietetar som tradisjonelt har vore kalla «konservativt», «moderat» og «radikalt» bokmål, med mellomformer.

Variasjonen innanfor bokmål slik det blir skrive, set grenser for kor mykje ein kan redusera valfridomen i den offisielle norma. Det er ulike meiningar om i kva grad valfridomen blir opplevd som problematisk av språkbrukarane, og i kva grad han utgjør eit problem i førstespråks- og andrespråkssamanheng.

Kunnskapsgrunnlaget for normeringsarbeidet må utviklast vidare, særleg gjennom framhald i oppbygginga av tekstkorpus som er eigna til bruk i normeringssamanheng. Det trengst store, breitt samansette og språkleg analyserte korpus. Analysar av korpusdata må ta høgd for at det finst husnormer i avisredaksjonar, forlag osv.

Språklovproposisjonen nemner spesielt (i pkt. 4.2.1) at det kan bli aktuelt å vurdere justeringar av bokmålsnorma i tida framover:

Rettskrivingsreforma for nynorsk i 2012 var tufta på ein grundig gjennomgang av bruksmønster for mange grupper ord. Undersøkingane baserte seg på store tekstkorpus som gjev eit godt bilete av bruken i moderne nynorsk. Den siste store rettskrivingsreforma for bokmål kom i 2005, og då var det ikkje høve til å gjere tilsvarande undersøkingar av bruken i bokmålstekstar. Det kan derfor vere grunn til å sjå på om det trengst justeringar i bokmålsnorma i lys av bruken i dag slik han framstår i store korpus med bokmålstekst. Det vil likevel ikkje vere aktuelt å gjere gjennomgripande endringar i bokmålsnorma.

6.2 Prinsipp for normeringa av bokmål

Prinsippa for normering av bokmål fell i stor grad saman med prinsippa for normering av nynorsk (pkt. 7.2). I tråd med språklovproposisjonen og andre styringsdokument er dei to første prinsippa – sjølvstende og stabilitet – overordna dei andre prinsippa. Bruksprinsippet spelar òg ei overordna rolle i tilfelle der det er snakk om å gjera endringar i norma.

6.2.1 Sjølvstendep prinsippet

Bokmålet skal normerast på grunnlag av sin eigen skriftlege praksis og si eiga utvikling, og uavhengig av nynorsk. Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje taler for noko anna, skal ein likevel unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingstypar for ulike ord og genus for substantiv. Det same gjeld norvagisering av importord og tekniske skrivereglar.

6.2.2 Stabilitetsprinsippet

Rettskrivinga av 2005 skal ikkje endrast vesentleg, men det kan gjerast mindre justeringar. Slike justeringar omfattar i første rekkje ord som ikkje har vore normerte før, retting av inkonsekvensar i tidlegare normering og i oppfølginga av den, og normendringar som følgjer av at ordformer kjem inn i eller går ut av bruk i skriftleg praksis. I tillegg kan det bli aktuelt å gjera visse justeringar som følgje av systematisk undersøking av bruk, jf. sitatet frå språklovproposisjonen i pkt. 6.1 over.

6.2.3 Bruksprinsippet

Det vesentlege grunnlaget for normeringa av bokmål er språket slik det ser ut i bokmålstekstar. Normeringsgrunnlaget er i første rekkje tekstar som har vore gjennom ein redigeringsprosess. Det er ikkje eit avgjerande kriterium kva slags medium teksten er publisert i (jf. siste avsnittet i kapittel 2).

Vurderingar på bakgrunn av bruksprinsippet må byggja på undersøkingar av store korpus av bokmålstekstar som har god sjangerspreiing og regional spreining, og som både speglar dagens språk og går nokre tiår tilbake i tid.

Nye former kan takast inn i norma dersom dei er mykje brukte i skrift og vil gjera norma enklare å bruka. I slike tilfelle må det vurderast om den gamle forma kan takast ut av norma.

Sjølv om ein primært skal ta omsyn til bruk i skriftlege tekstar, kan det òg vera aktuelt å ta omsyn til bruk i munnleg språk. Særleg gjeld det tilfelle der det er vanskeleg å finna tilstrekkelege data i skriftlege kjelder.

6.2.4 Stramleiksprinsippet

Det er i utgangspunktet ikkje noko mål korkje å stramma inn eller utvida valfridomen i bokmålsnorma. Det kan gjerast justeringar i norma i lys av bruk. Konsekvensen av det kan vera ei innstramming på sikt. Auka valfridom ved einskildord kan bli nødvendig når nye former skal takast inn i norma, fordi ein normalt ikkje samtidig kan halda ute ei eksisterande form som framleis er i bruk.

6.2.5 Enkelheitsprinsippet

Normeringa skal i størst mogleg grad gjelda klassar av ord snarare enn einskildord, slik at innslaget av unntak i bøyingsmønster blir så få som råd. Dette blir likevel avgrensa av bruksprinsippet: Dominerande avvikande bøyning i frekvente einskildord bør stå ved lag. Endringar motiverte av systemomsyn kan føra til auka valfridom ved einskilte ord.

6.2.6 Tradisjonsprinsippet

Det er ein verdi ved eit skriftspråk at det kan kjennast att som det same språket over fleire generasjonar. Derfor er det høve til å føra vidare mindre brukte tradisjonelle former i bokmålsrettskrivinga dersom dei har ein sentral plass i skrifttradisjonen.

6.2.7 Ordtilfangsprinsippet

Dette prinsippet er ei avgrensing av domenet til normeringa: Ordtilfanget i bokmål blir i prinsippet ikkje normert offisielt. Ein mindre del av ordtilfanget, funksjonsorda, er likevel i praksis normert. Den offisielle norma slår fast korleis ord skal skrivast og bøyast, men avgrensar ikkje kva for ord (leksem) som høyrer til språket; det er ei leksikografisk oppgåve å avgjera kva ord og kva tydingar som skal med i ei ordbok. At eit ord ikkje er å finna i det eksplisitt normerte ordtilfanget (jf. pkt. 4.1), vil ikkje seia at den offisielle norma utelukkar det, berre at ordet ikkje har fått normert skrivemåte og bøyning.

7. Særskilt om nynorsk

7.1 Bakgrunn

Grunnlaget for det nynorske skriftspråket vart lagt på 1800-talet då Ivar Aasen utforma landsmålet. Han bygde på undersøkingar av talemåla i landet, heldt dette opp mot norrønt, og såg òg til dansk og svensk skrifttradisjon. Landsmålet fekk den første offisielle rettskrivinga si i 1901. Sidan då har det skifta namn til nynorsk (i 1929), og skriftspråket har vore gjennom fleire store rettskrivingsreformer, framfor alt i 1917, 1938, 1959 og 2012. Frå 1917 til 1981 var føremålet med rettskrivingsendring i offentleg regi å leggja til rette for

etter måten rask tilnærming mellom skriftnormene riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk. Tilnærmingspolitikken vart avslutta av Stortinget i 2002.

Den nynorskrettskrivinga som gjeld frå 2012, førte til endes eit reformarbeid som hadde vara eit par tiår. I mandatet for nemnda som utarbeidde 2012-rettskrivinga, stod det at ein ønskte å koma fram til «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer». Vidare skulle norma «appellera til språkbrukarar over heile landet og [gi] rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar». Desse føringane er framleis retningsgjevande for normeringsarbeidet når det gjeld nynorsk. 2012-rettskrivinga bør i all hovudsak liggja fast i tida framover (jf. sitatet frå språklovproposisjonen i kapittel 3). Det er likevel rom for visse mindre justeringar der det kan motiverast i bruk eller andre gjeldande normeringsprinsipp.

Det er behov for å utvikla kunnskapsgrunnlaget for normeringsarbeidet vidare. Når det gjeld nynorsk, er dei eksisterande tekstkorpusa i mange tilfelle for små til å danna tilfredsstillande grunnlag for normeringsavgjerder. Det er stort behov for utvikling av nye korpusressursar for nynorsk.

7.2 Prinsipp for normeringa av nynorsk

Prinsippa for normering av nynorsk fell i stor grad saman med prinsippa for normering av bokmål (pkt. 6.2). I tråd med språklovproposisjonen og andre styringsdokument er dei to første prinsippa – sjølvstende og stabilitet – overordna dei andre prinsippa. Bruksprinsippet spelar òg ei overordna rolle i tilfelle der det er snakk om å gjera endringar i norma.

7.2.1 Sjølvstendeprinsippet

Nynorsken skal normerast på grunnlag av sin eigen skriftlege praksis og si eiga utvikling, og uavhengig av bokmål. Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje taler for noko anna, skal ein likevel unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingsstypar for ulike ord og genus for substantiv. Det same gjeld norvagisering av importord og tekniske skrivereglar.

7.2.2 Stabilitetsprinsippet

Rettskrivinga av 2012 skal ikkje endrast vesentleg, men det kan gjerast mindre justeringar. Ein kan normera ord og uttrykk som ikkje har hatt normert form tidlegare. Normeringa av einskildord kan endrast når det er gode grunnar til det, til dømes for å fjerna inkonsekvens, for å skapa betre samsvar mellom norm og språkbruk eller for å gjera norma enklare. Slike endringar for einskildord kan gjerast sjølv om dei inneber utviding av norma på det punktet.

7.2.3 Bruksprinsippet

Det vesentlege grunnlaget for normeringa av nynorsk er språket slik det ser ut i nynorsktekstar. Normeringsgrunnlaget er i første rekkje tekstar som har vore gjennom ein redigeringsprosess. Det er ikkje eit avgjerande kriterium kva slags medium teksten er publisert i (jf. siste avsnittet i kapittel 2).

Vurderingar på bakgrunn av bruksprinsippet må byggja på undersøkingar av store korpus av nynorsktekstar som har god sjangerspreiing og regional spreining, og som både speglar dagens språk og går nokre tiår tilbake i tid.

Nye former kan takast inn i norma dersom dei er mykje brukte i skrift og vil gjera norma enklare å bruka. I slike tilfelle må det vurderast om den gamle forma kan takast ut av norma.

Skriftleg praksis i nynorsk står under press frå bokmål, og det må ein ta høgd for ved analyse av bruksdata for nynorsk. Tendensar i bruk må i alle høve vegast opp mot systemomsyn og nynorsk skrifttradisjon.

Sjølv om ein primært skal ta omsyn til bruk i skriftlege tekstar, kan det òg vera aktuelt å ta omsyn til bruk i munnleg språk (jf. òg pkt. 7.2.6). Særleg gjeld det tilfelle der det er vanskeleg å finna tilstrekkelege data i skriftlege kjelder.

7.2.4 Stramleiksprinsippet

Rettskrivinga av 2012 vart vedteken som uttrykk for det ein vurderte som passande stramleik. Det er såleis ikkje eit mål korkje å stramma inn eller å utvida norma. Dersom normerte einskildord likevel får ei ny form i rettskrivinga, bør den eldre forma ofte bli ståande ei tid, sidan fjerning med ein gong då bryt med stabilitetsprinsippet.

7.2.5 Enkelheitsprinsippet

Normeringa skal i størst mogleg grad gjelda klassar av ord snarare enn einskildord, slik at innslaget av unntak i bøyingsmønster blir så få som råd. Dette blir likevel avgrensa av bruksprinsippet: Dominerande avvikande bøyning i frekvente einskildord bør stå ved lag. Endringar motiverte av systemomsyn kan føra til auka valfridom ved einskilte ord. Enkelheitsprinsippet skal ikkje forståast slik at det enklaste systemet alltid er å føretekke; ein må sjå norma i samanheng med talemåla og skriftspråkbruken og vurdera kvar sak for seg.

7.2.6 Talemålsprinsippet

Når ein strammar inn norma på punkt der det er talemålsvariasjon, bør forma som har breiast talemålsgrunnlag, bli ståande. Dersom ein utvidar norma, bør den nye forma ha svært godt talemålsgrunnlag. Med talemålsgrunnlag er det tenkt både på frekvens, generell utbreiing og utbreiing i kjerneområda for nynorsk, dvs. dei områda der nynorsk er i bruk som skulemål.

7.2.7 Tradisjonsprinsippet

Den nynorske skriftspråktradisjonen strekkjer seg tilbake til 1800-talet, men i normeringa av den framtidige nynorsken må ein framfor alt ta omsyn til dei siste generasjonane. I nynorskrettskrivinga er det høve til å føra vidare former som har ein etablert plass i den nynorske skriftspråktradisjonen.

7.2.8 Ordtilfangsprinsippet

Ordtilfanget i seg sjølv er ikkje eit normeringsspørsmål. Det er føresett at skuleordlister og skuleordbøker gjennom ordutvalet gjer greie for ordtilfanget i nynorsk på ein måte som syner vanleg bruk over tid. Når det gjeld opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, kan Språkrådet gjera bindande vedtak, jf. punkt 1.1.1 i økonomi- og verksemdsinstruksen.

8. Særskilt om normeringsomsyn ved fastsetjing av terminologi

Språkrådet har eit ansvar for nasjonal samordning av arbeidet med å utvikla fagterminologi på norsk. Utvikling av norsk fagterminologi krev spesifikk kunnskap om det gjeldande fagområdet. Terminologiutvikling må derfor skje i fagmiljøa. Samarbeid om terminologiutvikling er sterkt ønskjeleg, og Språkrådet bidreg med å leggja til rette for terminologisk arbeid og spela ei aktiv rolle som rådgjevar i terminologisk arbeid. Språkrådet skal også engasjera seg i korleis kunnskapen om terminologi blir lagra og formidla i Noreg.

8.1 Normering og grenseflata mot terminologi

I terminologisk rådgjevingsarbeid må ein skilja mellom (1) å velja blant aktuelle termkandidatar og (2) kva som skal vera normert form på einskildkandidatar. På det første punktet kan Språkrådet gje råd på generelt grunnlag, som t.d. å tilrå ein avløysarterm framfor eit engelsk alternativ. Språkrådet vil òg ha synspunkt når det gjeld val mellom alternative norske termar, men slike fråsegner har ikkje normativ kraft. Fagmiljøa må sjølv vurderer kva for termar som skal vera tilrådde, tillatne eller frårårde, og utarbeida relevante avløysartermar. I nokre tilfelle kan det òg vera usemje mellom ulike fagmiljø om kva som er den best eigna termen, og det er vanskeleg å sjå føre seg at Språkrådet skal kunna normera dette.

8.2 Normert form for termar

På det andre punktet vil Språkrådet bidra ved å fastsetja normert form for aktuelle termkandidatar. Når etablerte termar inngår i allmennspråket, vil dei kunna bli normerte ved oppføring i ordbøker. Men eit normeringsvedtak om rettskriving og bøyning inneber ikkje at formene nødvendigvis utgjer tilrådde termar.

Normeringa av ordformer som blir brukte som fagtermar, følgjer dei prinsippa for normering som gjeld for allmennspråket. Ein må på same måte kartleggja bruken i fagspråkleg kontekst og ta omsyn til sentrale fagmiljø.

8.3 Samarbeid med termfaglege miljø

Generelt skal normeringa av fagterminologi ta omsyn til etablerte standardar og eksisterande oppdaterte termbasar, termlister, fagordbøker, ensyklopediske verk, læremiddel og andre fagtekstar som blir nytta av fagmiljøa. Ein må òg ta omsyn til bruk i dei nordiske grannespråka og internasjonal bruk av tekniske termar og måleiningar.

Sentrale miljø for terminologiutvikling er statlege institusjonar som omset fagtekstar til norsk (t.d. UDs eining for EØS-omsetjing og Universitets- og høgskulerådet si termgruppe), og som gjer greie for omgrep i omgrepskatalogar (t.d. skatteetaten, Brønnøysundregistra og Arkivverket). Sentrale miljø finn vi òg i termgrupper i universitets- og høgskulesektoren, standardiseringsorgan (Standard Norge og Norsk Elektroteknisk Komité) og bransjeorganisasjonar i privat sektor (t.d. Finans Norge). Terminologi som er vedteken der, vil i praksis ha ein normgjevande effekt. Språkrådet vil i sitt normerings- og rådgevingsarbeid ta omsyn til framlegg som kjem frå slikt hald. Denne framgangsmåten vil sikra at ein får ein eintydig terminologi, og dermed bidra til gjennomslag for termen i brukarmiljøa.

9. Særskilt om normeringsomsyn for namn

Namn er ein del av språket som blir opplevd som særleg identitetsskapande, og det er ofte knytt sterke kjensler til handtering av namnespørsmål. Særnamna (*propria*), som omfattar namn på stader, personar, husdyr, skip, institusjonar, verksemder, organisasjonar, bøker m.m., utgjer ein stor del av det språklege inventaret. For Språkrådet er fastsetjing av skrivemåte i norsk for ikkje-norske namn også ei stor oppgåve.

9.1 Kva rolle har Språkrådet i normering av namneformer?

Etter lov om stadnamn (sist revidert i 2019) er Språkrådet stadnamnteneste for norske og kvenske namn. Det inneber at offentlege instansar som skal gjera vedtak om skrivemåten av stadnamn, først må senda saka til stadnamntenesta for fråsegn. Kva kriterium som skal liggja til grunn for fråsegn og tilråding frå stadnamntenesta, går fram av lovteksten.

Etter § 11 i språkloven skal statsorgan «ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk» og namna «skal følgje offisiell rettskriving». Etter § 19 skal Språkrådet «gje statsorgan råd om skrivemåte og namneskikk før det blir gjort vedtak om namn på statsorgan».

9.2 Namn som Språkrådet normerer etter vanleg prosedyre

Namnegrupper der Språkrådet har ansvar for å fastsetja namneform, er historiske namn og utanlandske geografiske namn. Om desse namnegruppene står det følgjande i stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* (side 180): «Når det gjeld historiske namn og utanlandske geografiske namn, er det gjeve reglar og gjort vedtak innanfor ramma av det normeringsregimet som har vore gjeldande for den vanlege rettskrivinga. Tilsvarende er det også gjort vedtak om skrivemåten av namn på språk verda over og om innbyggjarnamn.» Språkrådet fastset òg form på avleiingar frå og samansetningar med namn. Ei viktig gruppe er innbyggjarnamn (norske og utanlandske) med adjektiv. I namnesaker vil det ofte vera spørsmål om bruk av stor og liten bokstav og av diakritiske teikn, særskriving, kortformer osb., som òg kjem inn under praktisering av skrivereglar.

10. Retningslinjer for normering av importord

Føremålet med desse retningslinjene er å laga rutinar som operasjonaliserer normeringa av importord, jf. punkt 1.1.1 i økonomi- og verksemdsinstruksen for Språkrådet.

Retningslinjene avløyser retningslinjer som Norsk språkråd vedtok i 1998.

10.1 Definisjonar og behov

Importord vil seia lånnord og framandord, i motsetnad til *arveord*. *Fornorsking* er eit overordna omgrep som både omfattar det at ein finn eit norsk ord (eit *avløysarord*) for importordet, og *norvagisering*, det vil seia at ein gjev importordet norsk skrivemåte.

Dersom nye importord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i norsk rettskriving, skal det vurderast om dei skal fornorskast. Det kan skje ved norvagisering, dvs. at ordet blir gjeve norsk form, eller ein kan søkja å erstatta det med eit norsk ord. Normeringsprinsippa som er presenterte i kapittel 6 og 7, er relevante og skal tilleggast vekt også i norvagiseringssaker.

10.2 Vurderingsgrunnlag

For å kunna vurderast i kva høve ein skal satsa på avløysarord eller norvagisering, må Språkrådet syta for å ha god innsikt i importordprosessen ved å driva kontinuerleg og systematisk observasjon av språksituasjonen og språkendringar.

10.3 Nærare om norvagisering

For heilt nye importord som er vanskelege å tilpassa til norsk lydstruktur, skal Språkrådet prioritera arbeidet med å finna norske avløysarord. I ordlagingsarbeidet skal ein leggja vekt på å konferera med brukargruppene.

Dersom ein bruker importord som enno ikkje har fått normert skrivemåte, skal det godtakast å skriva dei i tråd med norske rettskrivingsprinsipp.

Språkrådet skal ha ein strategi for å fremja norvagiserte former.

10.4 Prinsipp for norvagisering

Når ein vurderer å norvagisera eit importord, skal desse prinsippa leggast til grunn:

- 1) For nyare importord bør norvagisert form normerast som eineform dersom denne forma allereie er i bruk i rimeleg grad. Om den ikkje-norvagiserte forma dominerer i bruk, men ei norvagisert form også blir brukt, bør det vera valfridom mellom dei to formene. Om den ikkje-norvagiserte forma er einerådande, bør den normerast som eineform.
- 2) Ved norvagisering skal ein som hovudregel følgja dei prinsippa som står i vedlegg 2 i dette dokumentet. Samstundes skal det leggast vekt på kva skrivemåtar som er i bruk i tekstar (jf. bruksprinsippet, pkt. 5.2.3 og 6.2.3), og ein kan vika av frå hovudregelen dersom der er solid grunnlag for det i bruksdata. Prinsippa i vedlegg 2 er i hovudsak identiske med dei som står i utgreiinga *Lånte fjører eller bunad*, men

somme av prinsippa er justerte. Lista med prinsipp er ikkje uttømmende og handsamar i hovudsak importord frå engelsk.

- 3) Ein bør unngå å innføra valfridom mellom to eller fleire norvagiserte former av same ord.
- 4) Nye importord skal følgja vanlege norske bøyingsmønster. Skal det gjerast unntak frå dette, må ein kunna visa til svært gode grunnar, t.d. at anna bøyning er einerådande i bruk.

10.5 Namnebaserte importord og fagtermar

Ein skal vera atterhalden med å norvagisera importord som er avleidde av namn (t.d. *becquerel*, *pasteuriser*). I spørsmål om norvagisering av eller bruk av avløyssarord for fagtermar må ein ta omsyn til bruk og tradisjon i det einskilde fagmiljøet.

10.6 Nordiske omsyn

Når ein skal avgjera om ein bør satsa på norvagisering eller avløyssarord, bør ein jamføra med dei skandinaviske grannelanda og sjå etter gode løysingar i grannespråka.

10.7 Tilpassing til både skriftspråk

Norvagiserte ordformer skal i grunnforma ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk. Unntak kan gjelda produktive avleiingselement, som t.d. *-er* (bokmål) og *-ar* (nynorsk) i substantiv som *faiter/faitar* og *rapper/rappar*.

10.8 Ny vurdering av norvagiseringssaker

Når ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 25 år, skal ein analysa bruksmønsteret og vurderer å gjera ei av dei valfrie formene til eineform.

11. Særskilt om rådgjeving som gjeld uttale

Språkrådet får ein del spørsmål om uttale av einskildord og namn. Språkrådet fastset ikkje uttalenormer, men kan gje råd. Det er gjort greie for rådgjevinga på nettsidene til Språkrådet.⁷

12. Særskilt om skrivereglar

Termen *skrivereglar* omfattar konvensjonar m.a. om bruken av store og små bokstavar, skiljeteikn, diakritiske teikn, og også fagspesifikk teiknbruk. Dei omfattar òg reglar for korleis datoar og klokkeslett skal skrivast, og reglar for andre taluttrykk, forkortingar og orddeling ved linjeskift.

⁷ <https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Uttaleraad/>.

Dei norske skrivereglane har i stor grad vakse fram som ledd i utviklinga i rettskrivinga. Mykje var fastlagt i 1970-åra. Boka *Skrivereglar* av Finn-Erik Vinje har hatt ein sentral posisjon.⁸ Andre normkjelder har vore rettleiing i innleiinga i ordbøker og ordlister.

Skrivereglane er jamt over ikkje mykje kontroversielle i dag. Det har vore kritikk om at t.d. kommareglane er for innfløyte. Det er viktig at skriveglane ikkje blir for mange og uoversiktlege. Prinsippet om stabilitet i norma bør rå også på dette området, samstundes som det òg må vera rom for å gjera justeringar for at reglane skal vera funksjonelle.

Dei gjeldande skriveglane er tilgjengelege på nettsidene til Språkrådet.

13. Prosess og vedtak

Dette kapittelet går nærare inn på normeringsarbeidet som vidareføring av kapittel 5.

13.1 Prinsipp og mal for saksførebuing

For å få mest mogleg einskapleg saksførebuing for språkspørsmål som fagrådet for normering og språkbobservasjon skal drøfta eller ta avgjerd om, er det laga ein mal for normeringssaker (vedlegg 1). Malen byggjer på tidlegare praksis under Norsk språkråd.

Rettskrivingsnemndene for nynorsk (2002 og 2010–2011) valde å etablera ein standard for gjennomgang av kvart punkt. Denne framgangsmåten gjorde mykje til at innstillingane vart leselege, oversynlege og brukande som referansedokument i ettertid.

13.2 Metode for handsaming av normeringssaker

Som malen viser, er metoden for handsaming av normeringssaker

- klargjering av status
- vedtaksframlegg
- oversyn over normeringshistorikk og munnleg og skriftleg bruk, irekna frekvens
- vurdering (diskusjon)

Dei tre moglege vedtakstypene er

- inga endring (irekna negativt vedtak, dvs. ikkje normera)
- endra gjeldande normering eller normeringsstatus
- halda på gjeldande normering og leggja til noko

Det at saka i det heile ligg føre til handsaming i fagrådet, føreset at fagavdelinga vurderer endring som mogleg utfall. Dei tre vedtakstypene vil dermed ha som underlag argument for og mot endring.

⁸ Niande og førebels siste utgåve av *Skrivereglar* kom i 2009.

Dersom ein ikkje har gode argument for at gjeldande normering bør gå ut eller innsnevrast (i tilfelle med eksisterande valfridom), vil vedtaksframlegg om endring måtta bli eit framlegg om tillegg til eksisterande norm. Dette er den mest generelle grunnen til at saker som gjeld einskildord, ofte inneber normutviding på mikronivå. Det er elles svært mange omsyn som kan motivera endring av gjeldande normering eller fråvær av endring. Somme av dei er handsama i samband med utdjupande avsnitt ovanfor.

13.3 Allmenn høyring

Framlegg til rettskrivingsendringar blir sende ut på høyring etter vedtak i fagrådet. Høyringsfråsegnene blir handsama i Språkrådet. Om det er grunn til større endringar i framlegget på bakgrunn av fråsegnene, går saka til ny handsaming i fagrådet. Fagrådet blir i alle tilfelle orientert om eventuelle justeringar etter høyringa, før framlegget går til handsaming i styret.

13.4 Vedtak og kunngjering

Normeringsvedtak i fagrådet skal godkjennast av styret i Språkrådet. Dersom det gjeld «gjennomgripande endringar eller systemendringar», skal dei leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning, jf. økonomi- og verksemdsinstruksen.

Normeringsvedtaka skal kunngjerast på nettsidene til Språkrådet, gjennom oppdatering av Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank og gjennom andre høvelege kanalar.

Vedlegg 1: Mal for sakshandsaming av normeringsspørsmål

SAK (referansenummer i fagrådet for normering og språkoobservasjon og i styret)

- vedtaksframlegg
- framleggsstillar
- bakgrunn og grunngjeving i kortform for at saka kjem opp
- referanse (lenke) til innkome dokument

SAKSTYPE (kva type sak er det – jf. pkt. 5.2)

Type 3: Eksplisitt normering i einskildsaker – framlegg til styrevedtak om slike saker som er nemnde i punkt 1.1.1 i økonomi- og verksemdsinstruksen.

Type 4: Eksplisitt normering – gjennomgripande endring eller systemendring – framlegg til tilråding til Kulturdepartementet i slike saker som er nemnde i punkt 1.1.1 i økonomi- og verksemdsinstruksen.

VEDTAK

Framlegg til kort vedtak og tilvising til lengre vedtak som konklusjon på grunngjeving

STATUS

- oversyn over eksisterande og tidlegare normering
- lenke til ordbanken og Bokmålsordboka eller Nynorskordboka
- tidlegare sakspapir frå Språkrådet, Norsk språkråd, Norsk språknemnd
- andre og større utgreiingar (*Ny rettskriving for 2000-talet* o.l.)

NORMERINGSHISTORIKK

Kva seier ordbanken, normeringsdatabasen og tidlegare sakspapir i Norsk språkråd og Språkrådet?

OVERSYN OVER BRUK

- frekvens før og no
- dokumentasjon av (alternative) former: ordbøker, statistikk frå sentrale korpus, spørsmål til Språkrådet o.a.
- nb.no – lærebøker og andre dokument
- status i andre språk: nordiske språk, engelsk osv.
- nordiske omsyn i normeringa

DISKUSJON

- argumentasjon/drøfting som fører til eit standpunkt; grunngjeving for dette
- referansar til normeringsprinsipp på visse område
- konsekvensar for andre område av språket?

LENGRE VEDTAK SOM KONKLUSJON PÅ GRUNNGJEVING

Fagrådet meiner ... (innstilling til innkome framlegg)

LITTERATURREFERANSAR

Vedlegg 2: Prinsipp for norvagisering

Utgangspunktet er dei prinsippa som står i Helge Sandøy: *Lånte fjører eller bunad* (side 110–120, side 224–239 i bokutgåva utgjeven i 2000). Følgjande prinsipp vart endra i 2021: K7, K13, V1, V2, V14, V24 og V25. Prinsipp K18 vart lagt til i 2021.

K1. Etter kort (trykkung) vokal skal det komme anten konsonantgruppe eller dobbel konsonant.

K2. *c, ck* [k] > *k*

K3. *c* [s] > *s*

K4. *sh, ch* [ʃ] > *sj*

K5. *ch* [tʃ] > *sj*- i framlyd

K6. *ch, tch* [tʃ] > *tsj* i slutten og inne i ord

K7. *g* [dʒ] > *dsj*

K8. *ck* [k] > *kk*

K9. *gne* > *nje*

K10. *gh* [f] > *ff*

K11. *q* [kw] > *kv*

K12. *x* > *ks*

K13. *j* [dʒ] > *j* når dominerande uttale i norsk er [j], *j* [dʒ] > *dsj* når dominerande uttale i norsk er [dʒ] eller [tʃ].

K14. Stum *r* i engelsk skal skrivast som *r* i den norvagiserte forma.

K15. *th* > *t*

K16. *w* > *v*

K17. *-ent, -ant* [aŋ] > *ang*

K18 arabisk *qaf* (ق) [q] > *k*

V1. Engelsk kort *a* [æ] skal norvagiserast til norsk *a* eller *æ* ut frå kva som er dominerande uttale i norsk.

V2. Trykklett *-er* [ə] i substantiv som er hankjønn, skal norvagiserast slik: bokmål: *-er*, nynorsk: *-ar* når substantivet får tonelag 2 og er avleidd av eit verb, elles *-er*.

V3. *ea* [ɛ] > *e*

V4. *i, ie, ee, ea, u, e, a, ey, y* [i(:), iə] > *i*

V5. *au* [ɔ:] > *o* [ʊ]

V6. *o, oa* [əʊ] > *o*

V7. *o, ou* [aʊ] > *o* der vokalen er kort på norsk.

V8. Kort *o* [ɒ] > *o*

V9. Trykklett *o* [ə] > *o*

V10. *oo, ui* [u] > *u*

V11. *u* [ʊ] > *u*

V12. *u* [ju:] > *ju*

V13. Trykklett *u* [ə] > *u*

V14. Det engelske adjektivsuffikset *-y* skal norvagerast til *-i*.

V15. *air, are* [ɛə] > *er* eller *ær*

V16. *ir, er, ur* [ɜ:] > *ø*

V17. Engelsk kort *u, ou, o* [ʌ] skal norvagerast til norsk *ø*.

V18. *o, a, aw* [ɔ:] > *å*

V19. *ou* [əʊ] > *å* når vokalen er lang på norsk.

V20. Kort *a* [ɒ] > *å*

V21. *igh, i, ui* [ai] > *ai*

V22. *ou* [aʊ] > *au* der vokalen er diftongisk og lang på norsk.

V23. *ai, aigh, a* [ei] > *ei*

V24. *ay* [ei] > skal norvagerast til norsk *ai* eller *ei* ut frå kva som er dominerande uttale i norsk.

V25. *oi* [ɔi] > *oi*